



Byggm Steinar Thunold AS  
Sollsmittet 2  
5136 MJØLKERÅEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/41 - 18/1940

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
07.02.2018

## Byggesak Gbnr45/7 Manger/Selfallet - veg, vatn og avlaupsanlegg - Førespurnad om status på ferdigstilling og søknad om ferdigattest

Kommunen har motteke ei hendvending frå ein bebuar i bustadfeltet som stillar spørsmål ved om vegen har riktig høgdeplassering. Vegen ligg høgare enn tomtane noko som skaper problem med overflatevatn og avkjørslar. På bakgrunn av dette har kommunen sjekka sitt arkiv og finn at tiltaket ikkje er ferdigstilt.

Det vart heldt eit møte mellom kommunen og Rune Ulvatn 11.04.2011 vedrørande status og framdrift av fellesareal, der i blant veg, i bustadfeltet Selfallet. Vidare er det gjeve mellombels bruksløyve for veg, vatn og avlaupsanlegg i vedtak datert 19.02.2010. Mellombels bruksløyve ligg vedlagt.

Det er krav etter plan- og bygningslova (av 1985, som gjaldt for søknaden) § 99 at tiltak skal avsluttas med ferdigattest.

Det har no gått lang tid sidan mellombels bruksløyve vart gjeve og kommunen ber derfor om ein status på ferdigstilling. Tiltak bør no ferdigstillast og søknad om ferdigattest må sendast kommunen.

**Frist for tilbakemelding er 28.02.2015.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/41.

Med helsing

Silje Haukedal  
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gnr 457, 6 m. fl. Selfallet - Veg, vatn og avlaupsanlegg - infrastruktur (91121)

**Kopi til:**

Rune Ulvatn	Radøyvegen 1539	5936	MANGER
Torstein Myrtveit	Selfallet 115	5936	MANGER

**Mottakarar:**

Byggm Steinar Thunold AS	Sollsmittet 2	5136	MJØLKERÅEN
--------------------------	---------------	------	------------